

Læreplan i vg3 fotterapi

Fastsett som forskrift av Utdanningsdirektoratet 18. mars 2021 etter delegasjon i brev av 13. september 2013 frå Kunnskapsdepartementet med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2022

Om faget

Fagrelevans og sentrale verdier

Vg3 fotterapi handlar om å dekkje det behovet samfunnet har for yrkesutøvarar som kan fremje fothelse og førebyggje problem og smerter knytte til underekstremitetane. Programfaga handlar om ulike metodar for å kartleggje funksjon og mobilitet og om å planleggje, gjennomføre og dokumentere behandlingar. Dei handlar òg om å arbeide for ei sunn fothelse, å førebyggje belastningsskadar og skorelaterte fotproblem og å stimulere til fysisk aktivitet. Programfaga skal bidra til å utvikle sjølvstendige og omstillingsdyktige fotterapeutar som kan tilpasse seg framtidige behov for kompetanse i arbeidslivet.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnet for opplæringa. Vg3 fotterapi skal bidra til likeverdige tenester og gode brukaropplevingar. Programfaga skal bidra til å utvikle fotterapeutar som viser toleranse og respekt for alle pasientar og brukarar. Det handlar òg om brukarmedverknad og valfridom i behandlinga. Programfaga skal vidare bidra til å utvikle respekt for etablert kunnskap og stimulere til å tenkje nytt i yrkesutøvinga.

Kjerneelement

Funksjonell anatomi, fottøy og mobilitet

Kjerneelementet funksjonell anatomi, fottøy og mobilitet handlar om samanhengen mellom fothelse, fottøy, bevegelsesevne og livskvalitet. Det handlar òg om å bruke ulike metodar for å avdekkje årsaker og symptom og å identifisere avvik i underekstremitetane og ganglaget. Sentralt står biomekaniske prinsipp og korleis fottøy påverkar det gåande mennesket. Kjerneelementet handlar vidare om kartlegging og vurdering av individuelle behov for avlasting, øvingar og behandling. Å planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere behandling av fot-, hud- og neglelidingar inngår òg.

Brukarretteiing og samarbeid

Kjerneelementet brukarretteiing og samarbeid handlar om kommunikasjon og samhandling med brukarar, pasientar, pårørande, kollegaer og anna helsepersonell. Det handlar òg om å forstå behova til brukarane og pasientane og å motivere desse til å gjere nødvendige endringar for å betre fothelsa.

Brukar, etikk og teknologi

Kjerneelementet brukar, etikk og teknologi handlar om brukarmedverknad og yrkesetiske retningslinjer. Det handlar òg om å finne årsaker til og symptom

på uspesifikke problem i hofter, kne og føter og om å behandle fotproblem ved hjelp av tekniske hjelpemiddel og anna utstyr. Vidare handlar det om å fange opp teknologiske endringar i faget. Å reflektere over eigen praksis inngår òg.

Lover, reglar og entreprenørskap

Kjerneelementet lover, reglar og entreprenørskap handlar om å følgje regelverk for fotterapeutar. Vidare handlar det om å etablere si eiga bedrift og utvikle verksemda i samsvar med god forretningsskikk og gjeldande lovverk. Helse, miljø og sikkerheit i arbeidet og smittevern inngår òg.

Tverrfaglege tema

Folkehelse og livsmeistring

I vg3 fotterapi handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om å forstå kor mykje rørsleevna har å seie for den einskildes livskvalitet. Det handlar òg om faktorar som påverkar fothelsa, og som stimulerer til fysisk aktivitet.

Demokrati og medborgarskap

I vg3 fotterapi handlar det tverrfaglege temaet demokrati og medborgarskap om retten den enkelte brukaren og pasienten har til likeverdig og tilrettelagd behandling, og om å vise respekt for ulikskap. Det handlar om å tenkje kritisk, handtere meiningsbrytningar og å respektere usemje. Vidare handlar det om korleis partane i arbeidslivet samarbeider for å utvikle eit betre arbeidsliv og om arbeidsgjevaren og arbeidstakaren sine rettar og pliktar.

Berekraftig utvikling

I vg3 fotterapi handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om å ta omsyn til miljø og økonomi ved val av materiell og metodar i behandlinga. Det handlar òg om korleis teknologien kan effektivisere arbeidsprosessar. Gjenbruk og reparasjon av materiale og maskiner inngår òg.

Grunnleggjande ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i vg3 fotterapi inneber å reflektere over faglege emne og prosessar og formidle dette til andre. Vidare inneber det å bruke fagterminologi og å kommunisere og samhandle med brukarar og helsepersonell. Det inneber òg å halde presentasjonar tilpassa mottakar og formål og marknadsføre eigen praksis.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i vg3 fotterapi inneber å føre journal, dokumentere arbeid og marknadsføre eiga bedrift. Det inneber òg å skrive pasientnotat, epikrisar og tilvisingar til anna helsepersonell. Vidare inneber det å gi råd og rettleiing skriftleg i samband med behandling og å skrive fagtekstar til fagblad eller tidsskrift.

Å kunne lese

Å kunne lese i vg3 fotterapi inneber å setje seg inn i og tolke budsjett og prisoverslag og å forstå faglitteratur, lovverk, produktbeskrivingar, datablad, journalar og tilvisingar frå helsepersonell.

Å kunne rekne

Å kunne rekne i vg3 fotterapi inneber å utarbeide budsjett og prisoverslag for å kunne etablere og drifte eiga verksemd. Vidare inneber det å kalkulere pris for tenester og å berekne materialkostnader.

Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i vg3 fotterapi inneber å bruke digitale ressursar for å finne, behandle og dokumentere informasjon om faget og kritisk vurdere dei kjeldene ein bruker. Vidare inneber det å bruke digitale ressursar som verktøy i eige arbeid og ved tverrfagleg samarbeid. Å samhandle med helsepersonell og brukarar ved bruk av elektroniske journalsystem og å vise digital dømmekraft inngår òg.

Kompetansemål og vurdering

Kompetansemål og vurdering helse, funksjon og bevegelse

Kompetansemål etter helse, funksjon og bevegelse

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- gjere greie for den funksjonelle anatomien og for sjukdommar, deformitetar og skadar som kan ha innverknad på aktivitetsnivået til den enkelte
- førebyggje og behandle fotlidingar som kjem av sjukdommar og livsstil
- vurdere helsetilstanden på huda og føtene til pasientar og brukarar og tilrå vidare behandling eller vise til anna helsepersonell

- gjere greie for etiologiske faktorar i sko og vurdere korleis desse påverkar bevegelsesevna til brukarar og pasientar
- planleggje og gjennomføre biomekaniske og terapeutiske behandlingar med vekt på etiologi og drøfte ulike behandlingalternativ med samarbeidspartnarar
- gjere greie for korleis fottøy er bygd opp og fungerer, og rettleie om korleis bruk av riktig fottøy påverkar aktivitetsnivået

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Elevane viser og utviklar kompetanse i helse, funksjon og bevegelse når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i programfaget.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Læraren kan gi arbeidsoppgåver som dekkjer fleire av eller alle programfaga. Læraren skal vere i dialog med elevane om utviklinga deira i helse, funksjon og bevegelse. Elevane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistrar, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i programfaget.

Standpunktavrdering

Standpunktarakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i helse, funksjon og bevegelse ved avslutninga av opplæringa i programfaget. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin i programfaget på varierte måtar. Med utgangspunkt i kompetansemåla skal læraren vurdere korleis eleven viser forståing, evne til refleksjon og kritisk tenking, og korleis eleven meistrar utfordringar og løyser oppgåver i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i helse, funksjon og bevegelse basert på kompetansen eleven viser ved å planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige fagleg arbeid.

Kompetansemål og vurdering kommunikasjon og samhandling

Kompetansemål etter kommunikasjon og samhandling

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- kommunisere og samhandle med kollegaer og anna helsepersonell om fothelse
- rettleie og gi råd om behandlingalternativ for å halde oppe og betre fothelsa

- informere og rettleie om korleis bruk av solar, avlastingar og fottøy påverkar gangmønsteret
- handtere konflikhtar og etiske dilemma på arbeidsplassen
- bruke faglitteratur og utøve kjeldekritikk
- marknadsføre fotterapifaget og eigen praksis på ein profesjonell måte

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Elevane viser og utviklar kompetanse i kommunikasjon og samhandling når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i programfaget.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Læraren kan gi arbeidsoppgåver som dekkjer fleire av eller alle programfaga. Læraren skal vere i dialog med elevane om utviklinga deira i kommunikasjon og samhandling. Elevane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistrar, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i programfaget.

Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i kommunikasjon og samhandling ved avslutninga av opplæringa i programfaget. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin i programfaget på varierte måtar. Med utgangspunkt i kompetansemåla skal læraren vurdere korleis eleven viser forståing, evne til refleksjon og kritisk tenking, og korleis eleven meistrar utfordringar og løyser oppgåver i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i kommunikasjon og samhandling basert på kompetansen eleven viser ved å planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige fagleg arbeid.

Kompetansemål og vurdering yrkesliv i fotterapifaget

Kompetansemål etter yrkesliv i fotterapifaget

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere behandling av fot-, hud- og naglelidningar
- bruke materiale, utstyr og tekniske og digitale hjelpemiddel i tråd med gjeldande regelverk
- utforske korleis vedlikehald, gjenbruk og reparasjon av materiale og maskiner kan inngå i yrkesutøvinga

- kartleggje og vurdere samanhengen mellom symptom på, årsaker til og behandling av fotlidingar
- utføre ledd-, muskel- og føringstestar og gjere greie for konsekvensane ved avvik frå normalfunksjonen
- observere og vurdere gonge med og utan sko og utføre skotest
- utføre protetik og reguleringsteknikkar for negler
- vurdere hud- og nagleendingar og skorelaterte fotlidingar og tilrå behandling
- kartleggje og vurdere risiko for smitte og gjennomføre smitteverntiltak
- reflektere over og forbetre eigen praksis
- arbeide i tråd med etiske retningslinjer, prinsipp for universell utforming og gjeldande reglar for helse, miljø og sikkerheit
- utarbeide budsjett, kalkulere pris for tenester og berekne materialkostnader
- planleggje etablering og drift av eiga verksemd i samsvar med god forretningsskikk og gjeldande lovverk
- føre journal og samhandle med helsepersonell og brukarar ved bruk av elektroniske journalsystem, og vise digital dømmekraft
- følgje opp eigne rettar og plikter i arbeidsforholdet og gjere greie for korleis partane i arbeidslivet utfører samfunnsrolla si i den norske modellen

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Elevane viser og utviklar kompetanse i yrkesliv i fotterapifaget når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i programfaget.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Læraren kan gi arbeidsoppgåver som dekkjer fleire av eller alle programfaga. Læraren skal vere i dialog med elevane om utviklinga deira i yrkesliv i fotterapifaget. Elevane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistarar, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i programfaget.

Standpunktvurdering

Standpunktarakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i yrkesliv i fotterapifaget ved avslutninga av opplæringa i programfaget. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin i programfaget på varierte måtar. Med utgangspunkt i kompetansemåla skal læraren vurdere korleis eleven viser forståing, evne til refleksjon og kritisk tenking, og korleis eleven meistarar utfordringar og løyser oppgåver i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i yrkesliv i fotterapifaget basert på

kompetansen eleven viser ved å planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige fagleg arbeid.

Vurderingsordning

Standpunktvurdering

Helse, funksjon og bevegelse: Eleven skal ha éin standpunktkarakter.

Kommunikasjon og samhandling: Eleven skal ha éin standpunktkarakter.

Yrkesliv i fotterapifaget: Eleven skal ha éin standpunktkarakter.

Eksamen for elevar

Helse, funksjon og bevegelse, kommunikasjon og samhandling og yrkesliv i fotterapifaget: Eleven skal opp til i ein tverrfagleg praktisk eksamen der dei felles programfaga inngår. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Eksamen skal ha førebuingssdel.

Eksamen for privatistar

Helse, funksjon og bevegelse: Privatisten skal opp til ein skriftleg eksamen i programfaget. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.

Kommunikasjon og samhandling: Privatisten skal opp til ein skriftleg eksamen i programfaget. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.

Yrkesliv i fotterapifaget: Privatisten skal opp til ein skriftleg eksamen i programfaget. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.

Helse, funksjon og bevegelse, kommunikasjon og samhandling og yrkesliv i fotterapifaget: Privatisten skal opp til ein tverrfagleg praktisk eksamen i desse felles programfaga. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.